

**Møtereferat**

Dato: 26.06.2017

|             |   |                                 |
|-------------|---|---------------------------------|
| Emne:       | <b>Arbeidsgruppe - Masfjordbrua. Referat frå møte 21. juni.</b>   |                                 |
| Til stades: | Håkon Matre (Masfjorden kommune)<br>Karstein Totland (Masfjorden kommune)<br>Hege Løtveit (SVV)<br>Sindre Lillebø (SVV)<br>Asbjørn Valen (SVV)<br>Thorbjørn Aarethun (HFK)<br>Bjørn Inge Midtgård (HFK) |                                 |
| Forfall:    | Sveinung Toft (Masfjorden kommune)<br>Kristian Bauge (SVV)<br>John Martin Jacobsen (HFK)  | Sak: 2014/23741-6               |
| Møtetid:    | Kl. 13.00 – 14.45   | Møtestad: Fylkeshuset, 11. etg. |

**Møteleiar:** Thorbjørn Aarethun**Referent:** Bjørn Inge Midtgård**Bakgrunn**

Fylkesutvalet i Hordaland handsama 23.5.17 saka «Masfjordbrua- teknisk/økonomisk utgreiing». Fylkesutvalet bad om att Hordaland fylkeskommune, saman med Statens vegvesen og Masfjorden kommune, arbeider vidare med nærare avklaringar rundt Masfjordsambandet, og at prosjektet vert handsama i eiga sak.

**Stram framdrift**

Hordaland fylkeskommune har bedt SD om førehandstilsagn om Masfjordbrua er omfatta av ordninga med tilskott til ferjeavløysing og bedt KMD om eit overslag på ferjeavløysingstilskottet. Masfjorden kommune held på med reguleringsplanen.

Frå 2018 vert kostnadsnøklane i inntektssystemet endra. Endringa vil medføra at beløpet som vert stilt til disposisjon som ferjeavløysingstilskott for Masfjordbrua vil bli mindre enn ved dagens nøklar. Om ein endeleg og fullstendig søknad kjem inn til departementet i år, vil den bli behandla ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet for 2017, medan søknader frå og med 1 januar 2018 blir behandla ut i frå ny nøkkel (sjå vedlegg). Retningslinjer:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-alternativ-bruk-av-ferjetilskot-for-fylkesvegferjer/id2500238/>

**Framdriftsplan**

|  |  |
|--|--|
| <b>Politisk sak om framdrift og søknadsopplegg</b> | MISA, 6.-7.september<br>Fylkesutvalet, 20.-21.september<br><br>Førehandsavklaring: |
|--|--|

|                                      |  |
|--------------------------------------|--|
|                                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Førehandsavklaring SD</li> <li>• Utrekna ferjeavløysingsmidlar KMD</li> </ul> <p>Framdrift og søknadsopplegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppdrag – godkjent reguleringsplan</li> <li>• Oppdrag - KS2</li> <li>• Oppdrag - bompengesøknad</li> <li>• Oppdrag - vedtak i Masfjorden kommune om tilskot</li> </ul> |
| <b>Reguleringsplan Masfjordbrua</b>  | 1.gangs handsaming medio september<br>2.gangs handsaming november/desember   |
| <b>KS2</b>                           | Oppstart 15.september<br>Ferdigstilling 15.november  |
| <b>Bompengesøknad</b>                | Søknad til politisk handsaming i Masfjorden kommune, medio oktober   |
| <b>Prinsippvedtak i fylkestinget</b> | MISA, 29.november<br>Fylkesutvalet, 7.desember<br>Fylkestinget 12.-13.desember <ul style="list-style-type: none"> <li>• Finansieringsanalyse</li> <li>• Godkjent reguleringsplan</li> <li>• Bompengesøknad</li> <li>• Kommunalt tilskot</li> <li>• KS2 – anslag og bompenginntekter</li> </ul>   |

#### Handlingsplan:

| Oppgave:                                    | Ansvar:        |
|---|----------------|
| <b>Framdrift reguleringsplan</b>            | Kommunen/SVV   |
| <b>Anslagsprosess</b>                       | SVV            |
| <b>Avklaring behov grunnlagsdok for KS2</b> | Fylkeskommunen |
| <b>Framskaffe grunnlagsdok til KS2</b>      | Kommunen/SVV   |
| <b>Innkjøp oppdrag KS2</b>                  | Fylkeskommunen |
| <b>Igangsette arbeid med bompengesøknad</b> | SVV            |
| <b>Avklare kontraktsforhold ferjedrift</b>  | Fylkeskommunen |

#### Neste møte:

Tysdag 15.august kl 0900 – 1100, Fylkeshuset, 8. etg. (sjå eiga Outlook møteinnkalling)